

# PROFILMANUAL



KVINNHERAD KULTURSKULE

# INNHOLD

---

1. Logo
2. Typografi
3. Fargar
4. Profilelement

Kvinnherad Kulturskule har omlag 600 elevplassar og 15 tilsette, og er ein del av verksemda Kultur og fritid i Kvinnherad Kommune. Sidan oppstarten i 1976 - då under namnet Musikkskulen, har verksemda gått gjennom fleire endringar, følgt med i tida og blitt modernisert. Fleire undervisnings-tilbod, meir kapasitet og nye lokale er gode døme på utviklinga.

Denne manualen og den tilhøyrande grafiske profilen er eitt av utviklingsstega for kulturskulen. Formålet med dette er å laga ein heilskapleg og tydeleg identitet, samt synleggjera kulturskulen i Kvinnherad.


Profilmanualen gir retningslinene for korleis det grafiske skal brukast. Dette for å halda designen tydeleg, synleg og heilskapleg. Slik skapar ein visuell identitet.

# LOGO

Logoen til Kvinnherad Kulturskule er sett saman av ein logotype og eit symbol. Det er i denne heilskapen den skal nyttast.

Logoen er einsfarga, med nøytral bakgrunn. Den originale er blå med kvit bakgrunn, akkurat som kommunevåpenet til Kvinnherad. Det er også råd å kombinera logoen i kvitt, svart og grått, som på illustrasjonen til høgre.

Logoen skal likevel ikkje setjast saman med blått og grått, då dette gir ein utydeleg kombinasjon.



Symbolet er ei spire.  
Kvinnherad Kulturskule skapar vekst.

Kva vil du bli når du blir stor?

Her er logoen slik den skal nyttast som heilskap, med innramming for å tydleggjera den og markera lufta rundt symbolet.

Det vert nytta ulike oppløysingar og format med tanke på kvar og korleis elementa skal nyttast. Oppløysinga bør vera på 72dpi (jpeg) ved bruk på web, og til trykk bør oppløysinga vera 300dpi.



# TYPOGRAFI

Skrifttypen som er nytta i logoen heter Eurostile, og er ein moderne sans-serif som hører heime blant skrifttypar med geometrisk form.

Denne skrifttypen harmoniserer med formene i logoen, samstundes som den underbyggjer at kulturskulen er i utvikling. Det er berre i logoen denne fonten er absolutt, men vert også anbefalt frå designer til nytte i den øvrige grafiske profilen. Til dømes i brosjyrar eller liknande.

Skrifta har god lesbarheit både på nett og i trykksaker med moderat tekstmengd.

A B C D E F G H I J  
K L M N O P Q R S T  
U V W X Y Z Æ Ø Å  
a b c d e f g h i j k l  
m n o p q r s t u v w  
x y z æ ø å<sup>o</sup>  
0 1 2 3 4 5 6 7 8 9

# FARGAR

Profilen til Kvinnherad Kulturskule  
er original med blå logo på kvit bak-  
grunn.

Alternativt kan ein nytta dei kombi-  
nasjonane illustrert under LOGO.

Her er fargekodane som skal nyttast  
så sant det ikkje er særskilde høve  
som gjer at ein må fargelegga anleis.



C 50, M 7, Y 0, K 0



C 0, M 0, Y 0, K 0



C 45, M 35, Y 37, K 1





C 50, M 50, Y 0, K 100

# PROFILELEMENT

Det er enkelte grafiske element som kan symbolisera og illustrera ulike fløyar av kulturskulen. Dette gjeld fire illustrasjonar i vektorgrafikk, samt dei to parallelle blå strekane, som brukt øvst på sidene i dette dokumentet.

Illustrasjonane er nyttar i plakatar laga til hendingar i regi av kulturskulen.

Strekane er henta frå logoen, og skal ramme inn og vera eit kjennemerke på kulturskulen. Bruksområde kan vera merkantile trykksaker som brosjyre, brevpapir, konvoluttar eller visitkkort.



Grafisk profil og manual for  
Kvinnherad Kulturskule er  
utforma av Jorun Larsen  
[www.heppiknott.wordpress.com](http://www.heppiknott.wordpress.com)

---